

## Saksprotokoll i 03.04.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Utvalsleiar Stian Opedal Davies (A) sette fram slikt forslag:

- «Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek følgjande fråsegn:

Noreg er i ei nasjonal krise grunna koronapandemien som har råka heile verda. Det er ei krise som setter heile samfunnet på prøve. Covid-19-viruset utgjer ein betydeleg trugsel for menneskjer som er i risikogruppa som også kan også råke friske menneskjer hardt. Det er difor viktig at vi følgjer dei forbod, pålegg og anbefalingar frå myndighetene for å redusere smittefaren og trygge dei som er mest truga av alvorleg sjukdom.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser at forboda mot mellom anna kulturarrangement, idrettsarrangement og organisert idrettsaktivitet både innandørs og utandørs råkar kultur, idrett og frivilligheita hardt, og anerkjenn at ein står i svært alvorlege tilstander. Inntekter er forsvunne over natta, nær all aktivitet er stansa, og fleire aktørar slit med å halde hjula i gang. Som i andre deler av arbeidslivet, permetterast kulturarbeidarar og kunstnarar fordi det verken er arbeid eller økonomi for å halde dei i arbeid.

Hovudutvalet roser regjeringa og eit samla Storting for dei første krisepakkane, særleg pakka som gav sjølvstendig næringsdrivande kompensasjon for tapte oppdrag. Mange kunstnarar og artistar er sjølvstendig næringsdrivande og får no støtte til livs opphold. Den siste krisepakka til kultur, idrett og frivilligheit på 900 millionar kronar er også god.

Hovudutvalet presiserer og strekar under at krisepakka på 900 millionar ikkje er nok, særleg dei 300 millionane som skal gå til kulturlivet. Den er for avgrensa og for liten. Då berre kulturaktørar som mottek mindre enn 60% av sine inntekter frå det offentlege kan få stønad, ekskluderer ordninga dei fleste av dei aktørane som mottek stønad frå Vestland fylkeskommune over driftsbudsjettet. Det utgjer ei stor del av kulturlivet i Vestland.

Hovudutvalet meiner det må komme ei ny og større krisepakke frå Stortinget som treff breiare. Mange som mottek størsteparten av sine inntekter frå det offentlege driv allereie med svært små marginar. Med tiltaka for å hindre spreiling av Covid-19-viruset, går svært mange i minus og slit med likviditeten. Desse må få krisetilskot frå staten for å komme gjennom krisa.

Hovudutvalet er bekymra over dei moglege konsekvensane forboda mot organisert aktivitet har på frivilligheita på sikt. Frivilligheita er bekymra for at engasjementet og mobiliseringsevna vart svekka av krisa, og at talet frivillige vil gå ned. Det er ei utfordring å holde organisasjonane varme under krisa. Her må det offentlege og frivilligheita saman finne løysingar for å starte opp aktivitetene igjen etter at forboda er blitt løfta.

Hovudutvalet anerkjenner at idretten slit med at all aktivitet er satt på vent grunna forboda og at større arrangement ikkje kan haldast. Det er også utfordringar med at nokon familiar får dårlegare råd som følge av den økonomiske krisa og ein er såleis bekymra for at fleire ikkje klarar å betale kontingensten. Vidare ser ein med bekymring på mogleg fall i sponsorinntekter ettersom næringslivet slit. Dette er utfordringar som må takast på alvor.

Hovudutvalet anerkjenner også Vestland fylkeskommune si rolle som ein viktig aktør for å handtere krisa. Det er såleis avgjerande at utvalet, fylkesting og administrasjon jobbar aktivt for å finne løysingar for heile samfunnet, og for kultur, idrett og frivilligheit. Målet vårt er at vi skal ha eit like sterkt kulturliv når krisen er omme, som før den starta.

- Fylkesdirektør bes innhente ei utgreiing frå juridisk ekspertise om vilkåra for å anvende force majeure for kultur- og idrettsarrangement som er råka av koronakrisen. Utgreiinga skal ha som formål å gje juridisk bistand til kulturlivet og idretten, og vere ei utgreiing av force majeure sett i lys av dei særskilde utfordringane kultur, idrett og frivilligheita møter med koronakrisen. Utgreiinga skal vere tilgjengeleg til alle som får driftsstøtte frå Vestland fylkeskommune.,

Problemstillingar som kan utgreiast er *for eksempel*:

- Utfordringa med at offentlege forbod berre gjeld to veker av gongen, og moglegheit for nyte force majeure sett i lys av at det er sannsynleg at store arrangement vil vere forbodne fram til og med sommaren (antesipert misleghald).
- Læra om «bristende forutsetninger», og om dette kan spele inn.
- Andre aktuelle problemstillingar eller andre moglegheiter for å avgrensa tap for kulturaktørar.

Fylkesdirektør får fullmakt til å supplere/endre bestillinga for å tilpasse den slik dei meiner er best til nytte for kulturlivet, idretten og frivilligheita. Fylkesdirektør får også fullmakt til å ikkje bestille ei slik utgreiing om kostnadane blir for høge.

- Fylkesdirektør kjem attende med forslag til tiltak som Vestland fylkeskommune kan gjere for å hjelpe kulturlivet, idretten og frivilligheita. Det er særleg nødvendig å finne løysingar på kort og mellomlang sikt som kan avdempe de økonomiske konsekvensane mange aktørar opplever av krisa.
- Fylkesdirektør held utvalet jamleg orientert om utviklinga i sektoren og arbeidet med koronakrisa.»

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag:

«Nytt tredje siste avsnitt

Fylkesdirektøren får i oppgåve å invitere alle kommunane i Vestland fylke til å sende inn ein oppdatert oversikt over den vanskelege situasjonen innan kultur- og idrettslivet i eigen kommune snarast råd. Dette blir eindel av kartlegginga fram til neste utvalsmøte.»

### **Avrøysting**

Det var 13 representantar tilstades.

Davies sitt forslag strekpunkt 1 vart samrøystes vedteke.

Davies sitt forslag strekpunkt 2 vart samrøystes vedteke.

Kollbotn sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Davies sitt forslag strekpunkt 3 og 4 vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek følgjande fråsegn:

Noreg er i ei nasjonal krise grunna koronapandemien som har råka heile verda. Det er ei krise som set heile samfunnet på prøve. Covid-19-viruset utgjer ein betydeleg trussel for menneskjer som er i risikogruppa, men som også kan råke friske menneskjer hardt. Det er difor viktig at styresmaktene sine pålegg og råd for å redusere smittefarene og trygge dei som er mest truga av alvorleg sjukdom, vert følgd av innbyggjarane.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser at forboda mot mellom anna kulturarrangement, idrettsarrangement og organisert idrettsaktivitet både innandørs og utandørs råkar kultur, idrett og frivilligheita hardt. Inntekter er forsvunne over natta, nær all aktivitet er stansa, og fleire aktørar slit med å halde hjula i gang. Som i andre deler av arbeidslivet, vert kulturarbeidarar og kunstnarar permittert fordi det verken er oppgåver eller økonomi for å halde dei i arbeid.

Hovudutvalet roser regjeringa og eit samla storting for dei første krisepakkane, særleg pakka som gav sjølvstendig næringsdrivande kompensasjon for tapte oppdrag. Mange kunstnarar og artistar er sjølvstendig næringsdrivande og får no støtte for tapte oppdrag og inntekter. Den siste krisepakka til kultur, idrett og frivillighet på 900 millionar kronar er også god.

Hovudutvalet presiserer og strekar under at krisepakka på 900 millionar ikkje er nok, særleg dei 300 millionane som skal gå til kulturlivet. Den er for avgrensa og for liten. Då berre kulturaktørar som mottek mindre enn 60% av sine inntekter frå det offentlege kan få stønad, ekskluderer

ordninga dei fleste av dei aktørane som mottek stønad frå Vestland fylkeskommune. Desse kulturaktørane utgjer ei stor del av kulturlivet i Vestland fylke.

Hovudutvalet meiner det må komme ei ny og større krisepakke frå Stortinget som treff breiare. Mange som mottek størsteparten av sine inntekter frå det offentlege driv allereie med svært små marginar. Som følgje av tiltaka for å hindre spreiling av Covid-19-viruset, går svært mange i minus og slit med likviditeten. Desse må få tilskot frå staten for å komme gjennom krisa.

Hovudutvalet er bekymra over dei moglege konsekvensane forboda mot organisert aktivitet har på frivilligheita på sikt. Frivilligheita er bekymra for at engasjementet og mobiliseringsevna vert svekka av krisa, og at talet frivillige vil gå ned. Det er ei utfordring å halde organisasjonane varme under krisa. Her må det offentlege og frivilligheita saman finne løysingar for å starte opp aktiviteten att etter at forboda vert oppheva.

Hovudutvalet anerkjenn at idretten slit med at all aktivitet er sett på vent grunna forboda, slik at større arrangement ikkje kan gjennomførast. Det er også utfordringar med at familiær får därlegare råd som følgje av den økonomiske krisa og såleis fleire som ikkje klarar å betale kontingentar, medlemsavgifter osv. Vidare ser ein med bekymring på mogleg fall i sponsorinntekter som følgje av därlegare økonomi i næringslivet. Dette er utfordringar som må takast på alvor.

Hovudutvalet anerkjenn også Vestland fylkeskommune si rolle som ein viktig aktør for å handtere krisa. Det er såleis avgjerande at utvalet, fylkesting og administrasjon jobbar aktivt for å finne løysingar for heile samfunnet, og for kultur, idrett og frivilligheit. Målet vårt er at vi skal ha eit like sterkt kulturliv når krisa er omme.

Fylkesdirektør vert bedt om å innhente ei utgreiing frå juridisk ekspertise om vilkåra for å anvende force majeure for kultur- og idrettsarrangement som er råka av koronakrisa. Utgreiinga skal ha som formål å gje juridisk bistand til kulturlivet og idretten, og vere ei utgreiing av force majeure sett i lys av dei særskilde utfordringane kultur, idrett og frivilligheita møter med koronakrisen. Utgreiinga skal vere tilgjengeleg til alle som får driftsstøtte frå Vestland fylkeskommune.

Problemstillingar som kan utgreiast er *for eksempel*:

- Utfordringa med at offentlege forbod berre gjeld to veker av gongen, og moglegheit for nyte force majeure sett i lys av at det er sannsynleg at store arrangement vil vere forbodne fram til og med sommaren (antesipert misleghald).
- Læra om «bristende forutsetninger», og om dette kan spele inn.
- Andre aktuelle problemstillingar eller andre moglegheiter for å avgrensa tap for kulturaktørar.

Fylkesdirektør får fullmakt til å supplere/endre bestillinga for å tilpasse den slik dei meiner er best til nytte for kulturlivet, idretten og frivilligheita. Fylkesdirektør får også fullmakt til å ikkje bestille ei slik utgreiing om kostnadane vert for høge.

Fylkesdirektøren får i oppgåve å invitere alle kommunane i Vestland fylke til å sende inn ein oppdatert oversikt over den vanskelege situasjonen innan kultur- og idrettslivet i eigen kommune snarast råd. Dette blir eindel av kartlegginga fram til neste utvalsmøte.

Fylkesdirektør kjem attende med forslag til tiltak som Vestland fylkeskommune kan gjere for å hjelpe kulturlivet, idretten og frivilligheita. Det er særleg nødvendig å finne løysingar på kort og mellomlang sikt som kan avdempe dei økonomiske konsekvensane mange aktørar opplever av krisa.

Fylkesdirektør held utvalet jamleg orientert om utviklinga i sektoren og arbeidet med koronakrisa.